



## ÅRSMØTE I HORDALAND UNGDOMSLAG 2021

Åsatun, 21.mars 2021, kl. 12.00

### **Frammøtte:**

#### **Styret: (flatt)**

Øystein Rambjørg (Strilaringen)

Lisbeth T Liland (Fana UI)

Hilde Jordahl (Åsane UI)

Oddrun E Larsen (Strilaringen)

### **Lokallagsutsendingar:**

Ingen utsendingar møtte.

### **1. Opning/konstituering:**

Innkallinga godkjent utan merknader. Saklista vart godkjent.

Ordstyrar: Øystein Rambjørg

Skrivar: Oddrun E Larsen

Teljekorps: oppnemnd ved behov.

2 protokollunderskrivarar: Lisbeth og Hilde.

Redaksjonsnemnd vert oppretta ved behov.

Ingen fullmakter til godkjenning.

### **2. Årsmeldingar:**

Årsmeldinga for Hordaland Ungdomslag vart gått gjennom på Årsmøte.

Innspel: Til saka om Æresmedlem viser det seg at Aslaug Kvilekval Breivik døde i 2019.

Under Folkedans vart avsnitt 2 og 3 omskrive.

#### **Vedtak:**

Årsmøtet godkjenner årsmelding 2020 for Hordaland ungdomslag med dei endringar som kom fram under handsaminga

### **Sak 3 Rekneskap**

Rekneskapen for HU for 2020 er ført og det er laga eit førebels rekneskap. Styret har ikkje funnet ettersynsfolk etter årsmøtet i 2020. Den pågåande Koronapandemien det siste året har gjort at ein heller ikkje har vore i stand til å få revidert rekneskapen grunna smitteverntiltaka i Bergen kommune. Det vil difor kunne ta ei tid før revideringa kan gjennomførast. Styret føreslår at førebels rekneskap vert lagt fram for årsmøtet til orientering. Vidare tilrår ein at årsmøtet gjev styret fullmakt til å godkjenne rekneskapen så snart han er revidert, og så sender han ut til lokallaga.

Førebels rekneskap for Hordaland Ungdomslag 2020 vert utlevert på årsmøtet.

Når det gjeld rekneskap for Hardangerjøl 2019, så vart det ikkje gjeve ut noko julehefte det året, og det har såleis ikkje vore behov for å føre noko rekneskap.

HU har uteståande fordringar hos Hardangerjol. Dette må gjerast opp før delinga av restmidlane kan fordelast mellom laga i gamle Hardanger UI som framleis er medlem av NU. Så må kontiane avsluttast.

**Vedtak:**

Årsmøtet tek førebels rekneskap for Hordaland Ungdomslag 2020 til orientering, og gjev styret fullmakt til å godkjenne han så snart han er revidert av HU sine ettersynsfolk. Samrøystes vedteke.

**Sak 4 Arbeidsprogram**

Framlegg til arbeidsprogram for Hordaland Ungdomslag 2021 og 2022 er sendt ut i sakspapira til deltakarane. Arbeidsprogrammet har etter styret si meining eit realistisk omfang. Dette også sett i forhold til dei smitteverntiltak og følgjer Covid-19 pandemien har medført for våre lokallag sine aktivitetar.

Tidlegare år har ein berre laga arbeidsprogram for eitt år av gangen, men sidan tilskotsordningane for driftstilskot hjå Vestland fylkeskommune krev arbeidsprogram m.m. for neste år ved digital utfylling av søknad, må me i år og ta stilling til arbeidsprogrammet for komande år på dette årsmøtet.

**Vedtak:**

Årsmøtet vedtek arbeidsprogram for Hordaland Ungdomslag 2021 og 2022. Samrøystes vedteke.

**Sak 5 Medlemspengar 2023**

Etter påverknad og rådgeving frå NU vart satsane for medlemspengar endra på årsmøtet i 2020. Styret har i denne saka vurdert det som viktig at me framleis skal vere meir på linje med dei andre fylkeslaga når det gjeld medlemspengar. Sidan årsmøte reduserte medlemspengane noko i fjor vil styret gå inn for uendra satsar for 2023.

**Vedtak:**

Medlemspengar for 2023 vert sett til kr 40 for vaksne og kr 20 for born og ungdom. Samrøystes vedteke.

**Sak 6 Budsjett 2021 og 2022:**

Grunna Vestland fylkeskommunen sine søknadsfristar for driftstilskot, måtte styret i år også presentera budsjett for 2022.

**Vedtak:** Budsjetta for 2021 og 2022 vart samrøystes vedteke.

**Sak 7 Fråsegner:**

Ingen innkomne fråsegner.

**Sak 8 Innkomne saker:**

Ingen innkomne saker.

**Sak 9 Val 2021:**

<b>STYRET</b>		<b>Lokallag</b>
<b>Leiar</b>		
1	Ny – 1 år	
<b>Styremedlem – 4 personar</b>		

Hilde Jordahl	Attval – 1 år	Åsane UL
Oddrun E. Larsen	Attval – 1 år	Strilaringen
Øystein Rambjørg	Ikkje på val – 1 år att	Strilaringen
Lisbeth T. Liland	Attval – 1 år	Fana UL
<b>Varamedlem – 2 personar</b>		
1.		
2.		
<b>BARNE- OG UNGDOMSNEMNDA (medlemer i aldersgruppa: 14 – 26 år)</b>		<b>Lokallag</b>
<b>Leiar</b>		
Malin Jørgenvik	Ny -1 år	Lindås UL
<b>Medlem – 2 personar</b>		
4		
5	Ny – 2 år	
<b>Varamedlem – 1 person</b>		
6	Ny – 1 år	
<b>HARDANGER FOLKEMUSIKKSAMLING</b>		<b>Lokallag</b>
<b>Medlem – 1 person</b>		
Øystein Rambjørg	Attval – 2 år	
<b>Varamedlem – 1 person</b>		
7	Ny – 1 år	
<b>ETTERSYNFOLK</b>		<b>Lokallag</b>
<b>Medlem – 2 personar</b>		
8	Ny – 2 år	
9	Ny – 1 år	

<b>VALNEMND 2021</b>		<b>Krins</b>
<b>Leiar</b>		
10	Ny – 1 år	Bjørgvin? / Nordhordland? / Sunnhordland?
<b>Medlem – 2 personar</b>		
11	Ny – 2 år	Voss?
12	Ny – 2 år	Hardanger/Midthordland? / Indre Hardanger?

**Utsendingar til landsmøte i Noregs ungdomslag:**

**Utsendingar til landsmøte i Noregs ungdomslag:**

Styret får fullmakt frå årsmøtet til å finne utsendingar.

**Vedtak:**

Årsmøte gjev styre i HU fullmakt til å finna dei manglande tillitsvalde samt ettersynsfolk.

Årsmøte gjev og styre fullmakt til å utpeika utsendingar til Landsmøte i Noregs Ungdomslag.

Møte slutt kl. 14.00

Oddrun E Larsen  
-referent-

Lisbeth T Liland  
Protokollunderskrivar

Hilde Jordahl  
Protokollunderskrivar

*Oddrun E. Larsen*

*Lisbeth T Liland*

*Hilde Jordahl*